

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 17.09.2018
Sakhandsamar: **Joar Halbrend**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per august 2018**

Arkivsak
2018/552
Styresak 071/2018

Styremøte 28.09.2018

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per august 2018 vert teken til vitande.

Samandrag

Ventetid

I august var gjennomsnittleg ventetid for dei ventande 61 dagar mot 57 førre år og lik ventetid som i juli.

Direkte timetildeling

Vaks til 86 prosent for første time (84 prosent i juli, 87 prosent i juni, 85 prosent i mai)

Aktivitet

I august har det vore færre polikliniske konsultasjonar i høve til budsjett, men omtrent likt budsjettet for dag- og døgbehandling. DRG-inntektene er i august lågare enn budsjett.

Resultat

Rekneskapsresultatet for august er 1,4 mill. kroner svakare enn budsjett, medan det hittil i år er 14,6 mill. betre enn budsjett.

HMS

Sjukefråværet er for juli er på 5,1 prosent, det lågaste dei siste fem åra.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 61 dagar i august (61 i juli). Sjølv om ventetida var fire dagar meir enn den var i august 2017, er det positivt at den ikkje steig i august sidan ferieavvikling også skjer i den månaden.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 50 dagar

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i perioden, auka til 67 dagar i august (54 dagar juli). Det er tre dagar meir enn dei som vart behandla i august 2017.

Samla for året, så har gjennomsnittleg ventetid vore 58 dagar. Det er 6 dagar meir enn på same tid i fjor.

Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent

I august er det registrert 112 fristbrot svarande til 2 prosent. Det er det høgaste talet sidan mai 2012 og uttrykk for ein negativ trend.

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

Vaks til 86 prosent for første time (84 prosent i juli, 87 prosent i juni, 85 prosent i mai), 63 prosent i august for oppfølgingstime (62 prosent i juli, 62 prosent i juni, 61 prosent i mai).

	jun.15	2015	2016	2017	Hittil 2018	aug.18
HELSE BERGEN HF	69 %	71 %	85 %	83 %	82 %	84 %
HELSE FONNA HF	72 %	75 %	86 %	84 %	81 %	83 %
HELSE STAVANGER HF	66 %	75 %	90 %	89 %	89 %	90 %
HELSE FØRDE HF	63 %	69 %	93 %	88 %	85 %	86 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	67 %	70 %	92 %	91 %	85 %	87 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	55 %	67 %	96 %	85 %	82 %	83 %
PSYKISK HELSEVERN	72 %	66 %	73 %	75 %	82 %	86 %

Del ikkje møtt

Lett nedgang til 2,22 prosent (juli 2,44 prosent). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,35 prosent.

Epikrisetider

Innan ein dag: somatikk 75 prosent (81 prosent i juli), psykisk helsevern 25 prosent (43 prosent i juli).
Innan sju dagar: somatikk 93 prosent (95 prosent i juli), psykisk helsevern 91 prosent (93 prosent i juli).

Korridorpasientar

Fem korridorpasientar i august, svarande til 0,1 prosent (fire i juli).

Utskrivingsklare pasientar

25 døgn i august (24 Vågsøy, 1 Lærdal). (31 i juli).

Stryking av planlagde operasjonar

I august var det 418 planlagde operasjonar/sju strykingar (1,7 prosent).

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region. (A)	1 940	2 189	(249)	2 054	(113)	17 937	17 855	82	17 165	773
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar. (B)	42	47	(5)	65	(24)	326	382	(57)	360	(34)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	1 982	2 236	(254)	2 119	(137)	18 263	18 238	25	17 525	738
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	142	147	(4)	167	(24)	1 182	1 205	(23)	1 216	(34)
Sum drg-poeng egne pasientar	2 082	2 336	(254)	2 220	(138)	19 119	19 060	59	18 380	739
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	360	351	9	368	(8)	3 203	2 896	307	2 940	263
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 047	983	64	1 020	27	9 090	7 934	1 156	7 732	1 358
Tal sjukehusopphald	1 512	1 528	(16)	1 523	(11)	12 350	12 328	22	12 309	41
Tal polikliniske konsultasjonar	8 912	10 030	(1 118)	9 860	(948)	79 777	83 055	(3 278)	81 290	(1 513)

Perioden

Aktiviteten i perioden var 7,5 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar.

Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 6,5 prosent lågare enn året før.

Tal dagbehandlingar var 6,5 prosent høgare enn planlagt. I august var den polikliniske aktiviteten 11,1 prosent lågare enn budsjett. Døgnopphald var 1,0 prosent lågare enn budsjett.

Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 0,1 prosent bak budsjettet målt i DRG-poeng. Føretaket ligg 4,2 prosent før fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (738 poeng), og har om lag same tal pasientar som førre året (reduksjon med 0,1 prosent). DRG-poeng frå H-reseptar står så langt for 265 poeng av auken.

Dagkirurgi/dagopphald har ein vekst på 17,6 prosent mot fjoråret (1358 pasientar). Poliklinisk aktivitet er 1,9 prosent lågare enn fjoråret (1513 konsultasjonar). Vi har 41 fleire heildøgnsopphald enn førre året (0,3 prosent).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 421	1 459	-38	1 464	-43	11 537	11 927	-390	12 104	-567
Tal utskrivne pasientar	84	92	-8	86	-2	675	737	-62	703	-28
Poliklinisk dagbehandling	0	30	-30	37	-37	214	263	-49	301	-87
Polikliniske kons. m/refusjon	1 980	1 917	63	2 024	-44	16 287	16 777	-490	17 826	-1 539
Rus										
Tal heildøgnsopphald	626	597	29	734	-108	4 897	4 882	15	4 550	347
Tal utskrivne pasientar	22	17	5	21	1	157	137	20	147	10
Polikliniske kons. m/refusjon	268	241	27	283	-15	2 136	2 113	23	1 977	159
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	46	33	13	24	22	732	700	32	748	-16
Tal utskrivne pasientar UPH	7	8	-1	3	4	49	60	-11	59	-10
Polikliniske kons. m/refusjon	1 107	1 308	-201	1 068	39	10 577	11 228	-651	10 949	-372

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

I august har polikliniske konsultasjonar vore på det nivået vi har planlagt. Aktiviteten er omtrent som planlagt ved døgnseksjonane. Beleggsprosenten på dei distriktpsykiatriske sentera (DPS) er 78 prosent i snitt. Akuttposten hadde 63 prosent belegg i perioden.

Innanfor rus er aktiviteten om lag som planlagt, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 74 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret innan PHV, medan TSB har litt høgare aktivitet enn i fjor.


Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn planlagt for perioden ved poliklinikkane. 25 prosent belegg ved UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn plan.

Beleggsprosent

Rapporteringa for august er rapportert med tal senger dividert på tal fysiske senger.



ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	158 387	158 916	-529	1 224 397	1 228 625	-4 228
Inntekter pasientbehandling	54 751	56 796	-2 044	468 177	464 161	4 016
Øyremerka tilskot	3 131	2 260	871	23 742	18 079	5 663
Andre driftsinntekter / Eigendelar	12 820	12 291	528	101 093	100 118	976
Sum driftsinntekter	229 089	230 263	-1 174	1 817 410	1 810 983	6 427
Kjøp helsetenester	11 910	12 349	-440	100 786	98 940	1 846
Varekostnad	22 559	23 269	-710	181 736	189 139	-7 403
Innleige personell	3 138	2 594	544	16 326	9 968	6 358
Personalkostnader	130 521	130 441	81	1 005 679	1 005 780	-101
Pensjonskostnad	19 300	19 300	0	155 854	154 403	1 451
Ordinære avskrivningar	6 124	6 333	-210	49 076	50 667	-1 591
Andre driftskostnader	34 736	33 453	1 283	275 463	281 578	-6 115
Sum driftskostnader	228 288	227 740	548	1 784 920	1 790 474	5 554
Driftsresultat	801	2 523	-1 722	32 491	20 509	11 981
Finansinntekter	- 221	- 117	-104	- 1 759	- 933	-826
Finanskostnader	114	306	-192	1 016	2 776	-1 760
Finansresultat	-107	189	-296	-744	1 843	-2 587
Ordinært resultat	907	2 333	-1 426	33 234	18 667	14 568

Perioden

Resultatet i perioden blei eit overskot på 0,9 mill. kroner, eit negativt avvik på 1,4 mill. kroner.

Inntekter i perioden var 1,2 mill. lågare enn budsjett. Lågare basisinntekt heng saman med fordeling av basisinntekter for laboratorieområdet. Aktiviteten har vore noko lågare i august og gjeve lågare inntekter enn budsjett. Øyremerka tilskot og andre driftsinntekter er noko betre enn budsjett.

Varekostnadene var i august var lågare enn budsjett. Dels skuldast lågare kostnader til H-resepter, samt at aktiviteten er under budsjett. Innleige personell og personalkostnader har ei samla overskriding på 0,6 mill. kroner.

Lågare kostnader til pasienttransport (0,5 mill.) og høgare kostnader energi og vedlikehald på kring 2 mill. kroner, gjer at andre driftskostnader var 1,3 mill. over budsjett.

Akkumulert

Akkumulert resultat er positivt med 33,2 mill. kroner. Budsjettavviket er positivt med 14,6 mill. kroner.

H-reseptar har eit samla positivt avvik på 13,3 mill. kroner (3,3 mill. kroner høgare inntekter og 10,0 mill. kroner lågare kostnader enn budsjettet). Pasienttransport har eit positivt avvik på 6,0 mill. kroner (0,2 mill. kroner lågare inntekter og 6,2 mill. kroner lågare kostnader). Øvrige område har eit samla negativt avvik med 4,7 millionar kroner.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 170,5 mill. kroner. Per 1. september 2018 hadde Helse Førde 167,3 mill. kroner i positivt likviditet.

Prognose

Helse Førde arbeider i september med ny prognose for 2018. Gjennomgangen vert gjort for alle einingane og vert summert opp til ny prognose.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i juli 5,1 prosent – det er då lågaste sjukefråværet Helse Førde har hatt dei siste fem åra.

Månadsverk



Brutto månadsverk i august var 2297. Dette er 26 færre enn for same periode i 2017.

Netto månadsverk i august var 2016. Dette er 35 færre enn for same periode i 2017.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendingar i avvikssystemet Synergi

I tråd med signal i sist styremøte har administrerende direktør starta arbeidet med å lage ein ny mal for å rapportere synergisaker. Denne rapporten er dessverre ikkje ferdig, og vi har av den grunn valt og ikkje rapportere på synergisaker til dette møtet. Administrerende direktør planlegg å rapportere etter den nye malen på styremøtet i oktober.